

Regionkontoret Nord-Gudbrandsdal

Saksnr: 2006/130 -57 Arkiv: Saksbehandler: Ole Aasaaren Dato: 30.11.2009

Saksfremlegg

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
	Regionrådet	11.12.2009

Høyring - verneheimel i jordlova

Saksutredning

Landbruks- og matdepartementet har sendt på høyring eit forslag til verneheimel i jordlova. Høyringsfrist er 10. januar. Kommunane er høyringspart, og etter innspel har regionsjefen oppnemnt eit ad-hoc utval som har som mandat å legge fram eit høyringsnotat til behandling i Regionrådet. Desse er oppnemnt: Ellen Marie Sørungård Syse, Ivar Brandsarbakken og Per-Ivar Weydahl, med Henrik Slettum som sekretær frå Regionkontoret.

Høyringsnotatet er laga med bakgrunn i ein rapport laga av ei jordverngruppe. Denne gruppa har laga ei utgreiing om ein verneheimel for matjord.

LMD peikar på at dyrka jord er ein ikkje-fornybar ressurs og eit naudsynt grunnlag for at framtidige generasjonar skal ha moglegheit til å produsere mat på eigen jord.

Regjeringa har som mål å halvere den årlige omdisponeringa av jordressursar, og departementet har etter tilråding frå jordverngruppa avgrensa målsetjinga til å omfatte den dyrka jorda. LMD har lagt til grunn gjennomsnittet 1993 – 2004. På bakgrunn av dette blir målet å redusere omdisponeringa til 5700 dekar per år.

Omdisponeringa har sidan midten på 90-talet vore 10-14.000 dekar årleg. I tillegg kjem dyrkbart areal, som har vorte nedbygd med 4 - 8.000 dekar per år. Tala har elles vore usikre på grunn av underrapportering. I tillegg er ikkje nedbygging på grunn av vegar og bygningar i landbruket med (dette er ikkje sett på som omdisponering).

I 2008 vart det til samanlikning omdisponert 7900 dekar dyrka jord.

Forslaget som er sendt på høyring vil gje Regjeringa myndigheit til å gje verdifulle jordressursar varig vern som jordvernområder. Jordbruksdrifta i desse områda vil i hovudsak fortsetja som før. Det er spesielt areal som er eigna for matproduksjon, særleg matkorn, som er aktuelle, men også areal til forproduksjon.

Når lova trer i kraft skal det setjast i gang prosessar i heile landet. Det er Fylkesmannen som skal fremje forslag overfor SLF. Men det er lagt opp til grundige prosessar der både grunneigarar og kommunar skal bli høyrte. Det er ikkje lagt fram noko tal for kor mykje det er aktuelt å verne.

Det er laga eit forslag til korrigeringar i jordlova.

Vurdering:

Arbeidsgruppa er generelt positive til lovforslaget. Det verkar gjennomarbeidd og gjennomtenkt, og det er vanskeleg å finne noko som er kontroversielt.

Moglegheita til verne matjord er svært viktig i sentrale strøk, der en har stor utbygging og stort press på dyrka og dyrkbar jord. Matjord er ikkje-fornybar ressurs,

og det er viktig at nedbygginga blir redusert i høve til det nivået det ligg på i dag. Eit viktig moment er at det er stor mangel på mat i verda, og det bør vera eit mål å heve sjølvforsyningsgraden. Det er derfor ekstra viktig at ein ikkje bygger ned viktige ressursar. Det bør vera eit mål å få ein diskusjon om dette på nasjonalt nivå.

Det er i utkastet presisert at dette ikkje skal bli lettare å omdisponere utanfor jordvernområda. Gruppa ser dette som svært viktig. Regimet må være som i dag utanfor vernesonene. Gruppa meiner at vern kan gje positive effekt i pressområde. Det kan føre til andre måtar å bygge struktur på (samfunnsstruktur). Utbygging må skje på andre måtar, det må takast andre grep. Kan det føre til ein annan måte å få befolkningsvekst på – meir spredning og eit anna befolkningsmønsteret? På sikt vil dette kunne gje færre pressområde i framtida. Dette kan vera viktig for vår region- gje ei betre utvikling. Eit punkt som ikkje er nemnt i høyringsutkastet er kor mykje som er tenkt verna. Dette meiner gruppa det er viktig å få klarlagt.

Gruppa meiner at det i jordvernområda bør vera enkelt å få dispensasjon for driftsbygningar og landbruksvegar. Er einig i strenge reglar for dispensasjon elles. Det er foreslått at dispensasjon kan gjevast av sikkerheitsmessige omsyn eller samfunnsinteresser. Slike interesser skal også avvegast i prosessen vedrørande vern. Gruppa meiner det må vera strengare praksis for dispensasjon i slike jordvernområde. Det er foreslått at dispensasjonsakar skal handsamast av statlig organ. Fylkesmannen skal være førsteinstans. Gruppa er samd i dette. Det er foreslått at områder som er planlagt verna blir bandlagt når verneprosessen startar. Etter gruppas mening bør tiltak innanfor landbruksformål kunne gjennomførast sjølv om verneprosessen er satt i gang. Eksempel: Driftsbygningar, landbruksvegar. Elles kan det bli problematisk fordi prosessen med vern kan ta lang tid.

Det er lagt opp til ein grundig prosess ved vern av jord, Gruppa ser dette som svært viktig. Samtidig må ikkje prosessen ta for lang tid, da arealet er bandlagt i denne perioda.

Det er stor diskusjon i vår region om omdisponering av dyrka og dyrkbar jord i sentrumsnære område. Vi er i ein fråflyttingsregion, og det er ønske om å legge til rette for tilflytting og næringsutvikling. Ofte er næringsareal vanskelegare enn bustadområder, da næringsutøvarar gjerne vil vera samla. Det har vore konflikter lokalt, og det har vore tatt dyrka areal til gang- og sykkelvegar, til nærings- og bustadareal. I tillegg kjem torvuttak, og omdisponering som ikkje treng handsaming i.h.t jordlova (landbruksvegar, bygningar). I gruppa er det delt syn på i kor stor grad ein bør kunne omdisponere jord i sentrumsstrok. Eit synspunkt er at det i Norddalen er meir dyrking enn omdisponering. Derfor bør det være enklare å omdisponere i tettstadene våre, fordi vi har positivt regnskap tilgang/avgang av dyrka jord. Men det var også diskutert kvaliteten på nye dyrka areal. Det er lagt fram eit siste punktet i gruppa sitt forslag som går på omdisponering i sentrumsnære område. Dette gjeld ikkje areal i eventuelle jordvernsonar. Regionrådet må ta stilling til om dette punktet skal med i høyringsuttalen.

Regionsjefens forslag til vedtak:

1. Ser på høyringsforslaget som ei sakleg og objektiv framstilling. Moglegheita til å kunne verne matjord er viktig for betre å kunne hindre nedbygging av ein viktig ressurs.
2. Er einig i at prosessane med vern av områda blir lagt til Fylkesmannen.
3. Saksbehandling etter vedtak: Støtter at omdisponering og frådeling blir behandla i statleg organ.

4. Vanleg landbrukstiltak må kunne bli vurdert som før under verneprosessen, medan andre saker blir lagt på is, dersom ikkje særskilte grunner ligg føre.
5. Område utanfor verneområda skal vere like strengt behandla som før. Må behalde same regime.
6. Det er viktig å ha ein grundig prosess , men at den tar stuttast mogleg tid.
7. I område med synkande folketal der ein har positiv utvikling av dyrkingsjord, bør det vera enklare å kunne omdisponere i sentrumsområde. Dette gjeld område som ikkje blir verna.

Vedtak i Regionrådet - 11.12.2009

Som forslaget fra Regionsjefen